

**Arkiv:** FE-00  
**JournalpostID:** 19/33  
**Saksbehandlar:** Tove Mette  
Fyllingen  
**Dato:** 20.03.2019

## Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
016/19	Fellesnemnda Alver	01.04.2019

### Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune

#### Vedlegg i saken:

25.03.2019	Til FA 01.04.2019 Reglement Alver kommunestyre	1325418
25.03.2019	Matrise for avlønning	1325417

#### Prosjektgruppa sitt framlegg til vedtak:

Fellesnemnda tek framlagt sak om Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune til orientering.

Saka blir sendt på høyring til utvala i Lindås, Meland og Radøy med svarfrist innan 12.05.19

Endeleg innstilling i saka vil bli lagt fram i Fellesnemnda sitt møte 03.06.2019.

#### Bakgrunn for saken:

Fellesnemnda vedtok prosjektmandat for politisk styringsstruktur og lokaldemokrati 12.03.2018.

Det vart vald ei prosjektgruppe som hadde som hovudmål med å utgreie og koma med framlegg om politisk organisering og struktur for Alver kommune.

#### Prosjektgruppa:

Leiar Kenneth Taule Murberg – H, Radøy  
Nestleiar Leif Hosøy Sleire – Krf, Lindås  
Anne Grete Eide – Ap, Meland  
Marit Samnøy Jøssang – Krf, Meland  
Sveinung Toft – V, Lindås

I framlegget frå prosjektgruppa ligg intensjonsavtalensitt punkt 6.demokratimodellen til grunn for den politiske organiseringa.

Prinsippet om gjennomgåande representasjon ligg til grunn for val av formannskap og faste utval.

Det som no vert lagt fram frå prosjektgruppa er:

- reglement for kommunestyre, formannskap, utval og råd.

- Budsjetreglement
- Prosjektstyring
- Rapportering frå rådmann
- Etske retningsliner
- Delegering til rådmann
- Arbeidsvikår og godtgjersle til folkevalde

Prosjektgruppa har hatt ein gjennomgang av reglement for kommunar tilsvarande Alver i tillegg til gjeldande reglement for Radøy, Meland og Lindås.

Ved rullering av reglementet rår prosjektgruppa til å redusere tal medlemmar i kommunestyret.

#### **Fellesnemnda Alver 01.04.2019:**

##### **Behandling:**

Orientering frå prosjektgruppa ved leiar Kenneth Murberg og nestleiar Leif Hosøy Sleire.

##### **Framlegg som prosjektgruppa med følgjande endring Frå N.M.Aadland-H Meland:**

Saka blir sendt på høyring til utvala og dei politiske partia i Lindås, Meland og Radøy med svarfrist innan 20.05.19

Prosjektgruppa sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke

##### **FA- 016/19 Vedtak:**

Fellesnemnda tek framlagt sak om Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune til orientering.

Saka blir sendt på høyring til utvala og dei politiske parti i Lindås, Meland og Radøy med svarfrist innan 20.05.19

Endeleg innstilling i saka vil bli lagt fram i Fellesnemnda sitt møte 03.06.2019.